

Skammarens dotter

Dina er ein skammar. Ein skammar kan lese andre sine tankar, og få dei til å skamme seg dersom dei har gjort noko gale. Skammaren jobbar som ein slags dommar, og må reise rundt og hjelpe til der det har skjedd noko. No har Dina reist til byen Dunark for å hjelpe mor si, som også er skammar. Der møter ho den mystiske Drakan.

«Har du vore her før?» spør Drakan. «Ein gong,» svarar Dina.

«Med mor mi.» «Vi skal finne mor di,» sa Drakan.

Drakan tok Dina med til ein port. Hengslene peip då portvakta lukka opp. Dei gjekk gjennom ein smal gang mellom gamle borgmurar. Det var trangt, og Dina likte det ikkje. Dei gjekk oppover og oppover, i skarpe svingar opp mot Dunarkberget. Etter kvart kom dei til ein ny port. Der sto ei ny vakt, som helste på Drakan. «Denne vegen, Dina,» sa Drakan.

«Kva er dette for ein stad?» spurde Dina.

«Drakegarden,» sa Drakan kort. «Drakegarden? Det gjekk eit rykte om drakane der som kunne ete opp vaksne menn utan vanskar. Ei tiårig jente som Dina ville berre vere ein lekker liten dessert for dei. «Ta det heilt roleg,» sa Drakan. «Hald deg nær meg, så skjer det ingenting. Du vil vel gjerne sjå mor di?»

Dina stogga brått då ho fekk sjå den første draken. Han var lågare enn ein hest, men tre gonger så lang. Gule auge, og frå munnen dingla det ein blodig kjøttklump. Det hadde ein gong vore bakbeinet på ein kalv. Litt lenger borte var fem andre drakar i gong med å rive resten av kalven i stumpar og stykke.

Drakan tok Dina i armen, og dei gjekk forbi drakane og inn ein port. Dina såg at draken kasta på hovudet og slukte kjøttstykket. Dina var redd. «Kom, sa Drakan. Mor di ventar. Vi må skunde oss».



Oppgåver:

Sjå Elevbok 6A side 88.

Gjer oppgåvene 1, 2, 4, 6 og 7.